

[Automatisk teksta av Autotekst med NB Whisper. Kan innehalda feil.]

[KLAUS MOHN]

Hjarteleg velkomen til ein ny podkast om kunnskap og samfunn.

I dag er temaet oljeøkonomi, og vi skal òg innom USA.

Rett nok har oljen gjort Noreg til eit av dei rikaste landa i verda.

50 år i medvind har etterlatt Noreg med høg verdiskaping og ein velferdsstat i verdsklasse.

Vi skårar høgt på indikatorar for opplevd lykke, og Noreg blir gjerne rekna som eit av dei beste landa i verda å bu i.

Samtidig opplever fleire Noreg og nordmenn som velståande, men òg som sjølvtilfredse og sjølvopptatte.

Kan verkeleg denne medaljen ha ei bakside?

Er vi fanga i vår eigen overflod?

Og kan den eventyrlege oppgangen og rikdommen legge grunnlag for ein liknande stagnasjon?

Hvordan skal vi møte utfordringane når stabiliteten i verdsøkonomien står på spel, og ein av våre nærmaste allierte er i ferd med å vende seg bort frå oss?

President Trump ristar opp i global handel og politikk med tollmurar og handelskrig.

Kva har vi i vente, og korleis bør vi tilpasse oss?

Til å samtale med meg om dette og anna har eg med meg professor emeritus Kalle Mone ved Universitetet i Oslo.

Med forskinga som utgangspunkt har Kalle engasjert seg i faglege politiske spørsmål gjennom ein mannsalder.

Med mest oppmerksomhet på makroøkonomi og politisk økonomi, både i vestlege land og i mindre, velståande delar av verda.

Hjarteleg velkomen skal du vere, Kalle.

Takk.

Så som ein enkel opptakt og inngang her, kva tenker du at oljen har betydd for noko?

Snakkar dei meir om ei velsigning eller ei forbanning?

[KALLE MOENE]

Ei klar velsigning, det trur eg det er ingen tvil om.

Men velsigning kan jo også ha baksider.

Men ta velsigninga først.

Ho har gitt oss moglegheiter vi ikkje hadde hatt utan olja.

Vi kan berre samanlikne med Sverige.

Ser vi har dratt ifrå inntektsmessig.

Vi var ...

Opphavleg, lillebroren til Sverige, både inntektsmessig og politisk og sånn.

Mens no er vi kanskje litt høge på oss sjølve, også politisk, men iallfall inntektsmessig.

Vi har skaffa oss kunnskap gjennom dette.

Vi har fått ingeniørar i Noreg som er veldig på topp, sjølv om dei blir satt til andre oppgåver enn ...

Enn ting som har direkte med olje å gjere.

Så eg vil seie at både med auka moglegheiter, auka inntekter, auka kunnskap ... Det er ein stor del av plussen.

At vi har hatt eit handlingsrom i både internasjonal orientering og i disposisjonar for økonomien generelt.

Velferdsstaten går tilbake i Sverige.

Litt for lett.

Dei må kutte litt i budsjetta.

Det er ikkje eingong diskutert skikkeleg i Noreg, så eg trur det seier litt om forskjellen.

Kan ein ut frå dette slutte at det hadde gått dårleg med Noreg utan oljen?

Det trur eg ikkje.

Dei ressursane vi har brukt på olje, både folk og maskiner, investeringar, dei har jo ei alternativt anvendelse, så eg må ikkje overdrive dette.

Det er ikkje sånn at vi ikkje hadde hatt ting å gjere viss vi ikkje hadde oljen.

Det er det sjølvstakt ingen grunn til å tru at vi ikkje kunne finne på ting som var viktige, både for land og for økonomien, med dei same ressursane.

[KLAUS MOHN]

Så vi er einige om at oljerikdommen har gitt oss moglegheiter, og ein stor pengerikdom, trur eg er udiskutabelt.

Spørsmålet som då kjem opp, er om denne rikdommen har gjort noko med oss på individnivå, kulturelt og psykologisk?

[KALLE MOENE]

Arbeidarane kan ikkje styre foreløpig fordi dei veit for lite om omgivnadene rundt seg.

Dei har for rutinemessige oppgåver.

Kapitalistane har innsikt og sånt som kan styre, men han stolte ikkje på deira motiv.

Så var den tredje gruppa, og dei var for dumme i hovudet.

Og dei var for dumme i hovudet fordi dei fekk inntektene sine så lett.

At dei slapp å anstrenge seg for å få inntektene sine.

Derfor neglisjerte dei viktige mekanismar i verda omkring seg.

Dei forstod ikkje sitt eige samfunn.

Og dei fekk ein veldig opphøya situasjon.

Dei tok ære for ting som kom av seg sjølv.

Mens dei då ikkje ...

Delvis pga.

oljen.

Og vi begynner å glemme kva som skal til for å holde på den type rikdom og den type levestandard.

For det kjem så enkelt av seg sjølv.

Og det er også sånn at vi blir oss sjølv nok, dessverre.

Vi tenker for lite internasjonalt.

Kva forpliktelser har vi?

Eg synest framleis at vi held den internasjonale fanen høgt.

Men vi kunne halde han endå høgare, for vi har ressurser som vi kunne delt i større grad.

[KLAUS MOHN]

Vi skal kome tilbake til akkurat det med det internasjonale bildet.

Men viss vi held oss her inne, dei mekanismene du peiker på no, på individnivå som følge av lett tilgang til pengar og rikdom ... Viss vi skal ...

[KALLE MOENE]

Det er så veldig mange som tar æra for verdiskapinga i vårt land.

At det er liksom dei som leiar forskjellige sektorar der inntektene kjem ganske lett.

Dei tenker på seg sjølv som høgproduktive og sånt.

Det betyr at ein ikkje heilt forstår omgivnadene sine eller kva som ...

Det vil vere teikn på dette.

Det er òg teikn på visse typar oppgåver som nordmenn ikkje har lyst til å gjere sjølv, som er naturlege oppgåver i ethvert samfunn.

Dei jobbane overlèt vi, på lik linje med mange andre land, til folk som kjem utanfrå som stiller svakare i arbeidsmarknaden.

Eliteatferd som antakeleg ikkje er så stort grunnlag til, og vi ikkje kunne gjort med mindre vi hadde hatt oljen.

[KLAUS MOHN]

Det finst eit ord for dette, og eg tenker på kuwaitisering.

[KALLE MOENE]

Er det det du meiner vi ser tendens til?

I norsk politisk debatt sidan 80-talet.

Og mange har åtvara mot det, og mange har bagatellisert det.

Det har vore eit ordskite omkring desse tinga.

Heldigvis.

Det er eit sunnhetsteikn.

Eg synest nokre av dei partia som stiller svakt i dag i politikken, f.eks.

KrF, har ingen sympati med deira politikk.

Men akkurat på dette området synest eg dei har ...

Dei har vore framheva det internasjonale perspektivet, forpliktingar ein har andre stader.

At vi ikkje må tru at alle desse midlane berre var til oss.

Så sjølv eit parti som i andre samanhengar, før ein politikk ikkje identifiserte med det, så synest det er her dei burde få litt kred.

[KLAUS MOHN]

Nettopp.

Så du antydar vel eit stykke på veg at rikdommen kan ha gjort oss late.

Sjølv om mekanismane er meir sotistiskerte enn som så.

Men i tillegg antydar du no at rikdommen kan ha gjort oss kjipe?

[KALLE MOENE]

Ja, litt kjipe overfor andre land.

Det er vanskeleg å forstå andre lands problem når vi ikkje har snev av det same sjølv.

Det å identifisere seg med andre lands balanseproblem i utanriksøkonomien, problem med å halde på gode velferdsstatsordningar ...

Vi ser litt ned på dei, fordi dei ikkje ordnar dette sjølve.

Fordi det går så lett hos oss.

Men vi må skjønne at tilgangen på ressursar gjer ...

Ein får mykje meir ressursar enn i land med mindre ressursar.

Utdanningssystemet fungerer ikkje like godt.  
Mange stader har jo oljeressursane vore ein forbanning.  
Og det er eit skilje i verda her med at dei som finn gode ressursar, men som finn dei under demokratiske styringsforhold, og har bygd opp institusjonar allereie ...  
Da er ressursane meir ei velsigning enn dei landa som finn ressursane før dei har laga gode institusjonar og ordningar?

[KLAUS MOHN]

Nettopp.

For viss vi går tilbake til 60-talet, då oljen blei oppdaga i Noreg, så var jo Noreg allereie eit moderne, industrialisert demokrati der dei aller fleste kritiske institusjonar allereie var på plass.

Der folk hadde det bra, korrupsjonen var lav.

Dei politiske prosessane var gode osv.

Så det skulle vel noko til at formuen lyktes i å sette alt dette over styr?

[KALLE MOENE]

Heilt einig.

Eg vil også framheve interesseorganiseringa.

Både på arbeidsgivar- og arbeidstakarsida.

At vi hadde veldig koordinerande institusjonar på begge sider av forhandlingsbordet, om du vil.

Gjorde dette at du fekk meir ein slags fellesskapsfølelse?

Ein kunne lett få konkurrerande fagforeiningar og arbeidsgivarforeiningar til å prøve å favorisere sin sektor, men dei store organisasjonane var NHO og LO.

... i første rekke, men også de andre store organisasjonene, bidro til en slags kollektiv rasjonalitet her som jeg tror er undervurdert.

[KLAUS MOHN]

Nettopp.

Og det har gitt en ansvarliggjøring.

[KALLE MOENE]

Hvis du tuller dette helt til, så straffer du liksom den store majoriteten av LOs medlemmer.

Og siden de har en felles ledelse for mange sektorer, så ser du dette under ett.

Eller Nord-Europas klare 'checks and balances'.

Ei organisering av sivilsamfunnet som er motvekt til dumme tiltak i politikken.

Presset både frå NHO, ikkje undervurder dette, og frå LO har gjort at ein har forhindra altfor ville, dårlege prosjekt som kunne favorisere politikars lokale veljarkrets.

Det har vi fått lite av, synest eg.

[KLAUS MOHN]

Allereie for 30-40 år sidan såg alle at dette var ei næring med enorme framtidsutsikter.

Eit vekstpotensial som ikkje likna noko anna.

Og ikkje minst eit lønnsomhets- og inntekstpotensial som ikkje likna noko anna.

Det gjorde jo at interessa i arbeidslivet og politikarane flokka seg om næringa.

Og det har kanskje vore få motførestillingar, fordi alle ville ha del i suksessen. Eg sit med ei følelse av at mekanismene har bidratt til at oljevirkosomheten har blitt stor, ikkje berre i økonomisk forstand, men òg i vår bevissthet og i norsk samfunnsutvikling. Kunne dei uheldige verknadene av oljevirkosomheten vore annleis om dette hadde vore dempa eller regulert noko?

[KALLE MOENE]

Eg trur det hadde gått litt annleis viss ein i utgangspunktet hadde sagt at vi må dele meir på desse tinga med

Med andre land og andre område av verda enn berre vårt eige.

Ta berre ein sånn ting som under første året av Russlands angrepskrig mot Ukraina, så tente Noreg 1000 mrd.

i superprofitt berre på gass.

Gassprisane som blei veldig høge.

Europa gjorde tabbar som gjorde at dei blei avhengige av gass.

Beslutninga om når dei skulle nedlegge atomkraftverka osv.

Det betydde at Noreg fekk veldig høge inntekter.

Etter mi moralske vurdering er det inntekter som burde sett inn på eit nødhjelpsfond.

Som kunne betene naudsituasjonar overalt i verda.

Bl.a.

dei landa som no måtte betale veldig høge energiprisar.

Fattige land, mange av dei f.eks.

i Nord-Afrika.

Gjenoppbygging av Gaza når det ein gong blir slutt på krigen der.

Og sjølv sagt gjenoppbygging av Ukraina.

Det er mykje mindre naudhjelpsressursar stilt til disposisjon.

FN har nesten ikkje pengar.

Kvart enkelt land avgrensar si naudhjelp.

Så det er krisetiltak overfor land som blir utsette for katastrofe, naturkatastrofe eller krig, det eksisterer nesten ikkje i verda.

Her kunne Noreg ha gått i spissen.

Vi har prøvd å slå eit slag på dette tidleg.

Noreg kunne ha gått i spissen og invitert andre land til å vere med.

Dette er noko vi treng, og dei kunne ha klare kriterium.

Pengane skulle gå til å vere uavhengig av politikken.

Det er viktig, trur eg.

[KLAUS MOHN]

For om den norske modellen for ressursforvaltning, så kan du seie at vi skal gjere alt vi kan for å ta opp mest mogleg ressursar.

Vi set desse på eit fond som maksimerer avkastninga, og ingenting anna.

Og avkastningen skal vi dele, men ikkje med andre enn folk av vårt eige slag.

Og desse mekanismene blei òg brukt som motargument til og med mot innvandring, fordi det blir fleire å dele oljeinntektene med.

For ikkje å snakke om dei internasjonale dimensjonane der vi kan sjå ganske ...

... nokså kjipe og sjølvfornøgd ut.

Så det er dette du påkaller eit oppgjør med?

[KALLE MOENE]

Underdiskutert.

I politikken og blant interesseorganisasjoner og blant vanlege folk generelt.

Vi hadde eit forskingsprosjekt, og vi, i dette tilfellet, Halvor Melum og Gry Østenstad sjølv, vi såg på innvandring, ressursar, styringssett.

Det vi fann, er at land med mykje naturressursar og autokratisk styre, har veldig stor innvandring.

Og kvifor det?

Jo, for dei som kjem som innvandrarakar til landet.

Gulfstatane er eit typisk eksempel på det.

Qatar.

Ressursrike autokratier.

Nesten ingen innvandring til ressursrike demokratier.

[KLAUS MOHN]

Dei seier at ein stein skal ein gong ha sagt at Gud spelar ikkje terning.

Men i fordelinga av naturressursar i verda må vi innrømme at det er ein del terning involvert.

Og at desse oljeførekomstane skulle ligge akkurat innanfor våre landegrenser.

Eit bitte lite land med veldig få menneske.

Det er vel stort innslag av tilfeldighet.

Så tar vi denne rikdommen som ei sjølvfølge, som noko vi har fortent.

Og som verkeleg er vårt og ingen andres.

Har du noka forklaring på kvifor det er sånn?

[KALLE MOENE]

Dei aller fleste folk, deg og meg, er inkludert.

Vi ønsker å ha ...

Vi ønsker å rettferdiggjere våre handlingar for oss sjølv.

Vi ønsker å seie at det er rett, det som vi tjener på sjølv.

Vi ønsker ikkje å seie at eg er egoistisk, eg karar til med det eg kan.

Vi ønsker å seie at det er bra.

Viss vi gir det vekk, så sløser dei det bort.

Og det liker vi ikkje.

Men viss nokon verkeleg treng det, så sjølv om det forsvinn litt frå lasset i den samanhengen, så ...

Eg trur det er ei slags sjølvrettferdiggjering.

At vi tenker som vi gjer.

Og det er ikkje så lett å ta eit oppgjær med det.

Men det går an å tvinge fram begrunnelser for det.

Du sa at det var eit lotteri at dei ressursene blei liggande her.

Men du kan ta det eit hakk til.

Det er jo eit lotteri at vi blei født her, du og meg.

Det er jo fødselslotteriet som er avgjørende.

Ein kan ikkje avgjere kva ein tener på etter at ein veit kven ein er.

Viss vi ikkje var fødde, kva ville vi ønske i fordelinga av ressursane dersom vi skulle vere villige til å trekke lodd kvar vi skulle hamne etterpå sjølve?

Då ville vi få ei mykje jamnare fordeling.

Og det kan jo vere at det pressar seg fram.

Om 50 år, så tippar eg at dei som er unge om 50 år, dei kjem til å le av oss.

Såg de ikkje desse tinga?

At dette var ein heilt egoistisk måte å opptre på?

Kanskje eg tar feil, men eg trur det er riktig.

Og viss eg tar feil, så må de kome til meg om 50 år og seie at der tok du feil.

[KLAUS MOHN]

Eg har lyst til å utfordre deg på eitt punkt her, for du snakka ganske positivt om konsensus og samstemmighet og samarbeid mellom ulike interessegrupper osv.

Men viss alle har vore med på dette, og det på eit punkt er på sin plass å ta eit oppgjær med noko av det som har skjedd historisk, blir ikkje det vanskelegare viss alle har vore med på det?

[KALLE MOENE]

Du har 100 % rett.

At konsensus er bra for visse ting.

F.eks.

unngå ineffektive ordningar, ting som skiftar fort frå éi regjering til den neste.

Konsensus er ein viktig ting.

Og det er også når ein har konsensus.

Gruppen som har konsensus, dei må dele for å halde på konsensus.

Men samtidig har ein fått ein sånn at vi er det utvalde folket, og vi har ingen grunn til å dele med dei andre.

Og det er faren for det.

Men det kan jo vere at dei ... Du ser jo ... Eg snakkar jo meir enn gjerne om sånne ting, særleg blant yngre folk.

Og då får du ofte ein respons.

For dei er ikkje ...

Dei er ikkje så materialistiske som oss gamlingar.

Eller meg som ein gamling og andre på same alder.

Så unge folk er ofte litt mindre materialistiske.

Og det er jo veldig viktig kva diskusjonar unge folk har.

Du står litt ved dei standpunkta du har, i modererande form etter kvart som åra går.

Men det er veldig vanskeleg å skifte heilt.

Ein diskusjon både på skule og sånn omkring desse tinga her.

Kva er ei rettferdig utvikling?

Handlingsregelen begrenser kva vi skal gjere.

I Gaza tipper vi at det er kanskje 2000 milliarder det vil koste.

Det er størrelsesorden det vi tjente på Ukraina-krigen.

[KLAUS MOHN]

Det er i størrelsesorden det vi har tapt i oljefondet siden Trump tok over?

[KALLE MOENE]

Ja, det kan du også seie.

Men der er eg litt ueinig i at dette er tapt.

Det er eit kurstap.

Vi ville tape det viss vi var tvinga til å selje.

Men vi er ikkje tvinga til å selje.

Høgst sannsynleg kjem vi til å tene på den lokale krisa som Trump har satt i gang.

Fordi aksjekursane overreagerer negativt, dei fell for mykje, og oljefondet kjem til å kjøpe aksjar og derfor få ein kapitalgevinst.

[KLAUS MOHN]

Enkelte latar til å tru at oljeutvinninga skal vare i evig, men eg har pleia å seie at om det er éin ting som er sikkert når det gjeld oljegassutvinning, så er det at det tar slutt ein gong.

Resten er spørsmål om timing.

Eg trur dei fleste vil vere einig i at den norske oljegassverksemda har passert middagshøgda, og at vi no står overfor ei ganske anna utvikling enn det vi har hatt dei siste 50 åra.

Forskinga på feltet har jo ofte studert korleis land handterer oljerikdom.

Men det eg refererer til no, er reverseringsproblematikken.

Når ressursnæringa skal fases ut og nerskaleres.

Og vi, i Noreg, dei neste 30-40 åra, står truleg òg for denne type utvikling.

Er vi førebudd på ei slik utvikling?

[KALLE MOENE]

Det trur eg ikkje heilt, men eg høyrer at nokre politiske parti og nokre politikarar tør å ta opp dei tinga, for det er viktige ting.

Det er to dimensjonar av det.

Det eine er at inntekta ikkje nødvendigvis kjem til å falle.

For vi har tatt formue som ligg på botnen av Nordsjøen og brakt han opp i dagen.

Og investert i aksjar overalt i verda.

Så du kan seie at vi har fått eit element av ...

... frå gulvet til topp i organisasjonane.

Og dette er folk som verkeleg kan gjerast kjempeinnsats.

F.eks.

i kommunane.

Stor mangel på ingeniørar.

Stor mangel på kompetent arbeidskraft med teknologiske ting.

Det er ikkje sikkert at lønnsutviklinga der vil vere heilt i tråd med det han var i Nordsjøen.

Men å tru at dette er ressursar vi ikkje kan bruke, det er heilt feil.

Men det er om å gjere å vere på offensiven her, og ikkje gi sånn status at det berre er oljesektoren som gir status til både ... Ja, til ingeniørar og annan type arbeidskraft som har vore i Nordsjøen.

Det er viktig at dei oppgåvene vi skal løyse, ikkje er mangel på oppgåver.

Men det er ikkje sikkert at dei er like avkastande for arbeidskrafta som ...

[KLAUS MOHN]

Så hva svarer du når folk spør deg om hva vi skal leve av etter olje og gass?

[KALLE MOENE]

Det har aldri vært noe problem.

Det som er problemet, er å peke ut hva vi skal leve av, men her må vi åpne litt for private initiativ og ha stabile, gode rammevilkår rundt dette.

Men det er ikkje sånn at dette er eit stort problem at det ikkje er oppgåver som ... som skal løyses.

Vi har ei samansetning av befolkning som inneber at det blir meir omsorgsyrkar.

Folk trur at vi ikkje kan leve av å drive omsorgstenester.

Klart vi kan det.

Vi kan leve av å drive omsorgstenester i betydning av at det er det det er behov for.

Og derfor dekker vi det behovet ved å bruke ressurser i den retninga.

Så eg er optimistisk til dette.

Eg er meir opptatt av at ...

Det er forskjell i status på å jobbe som omsorgsarbeidar eller hjelpearbeidar i ...

Hjelpearbeidarar i Nordsjøen har ein heilt annan status enn hjelpearbeidarar på sjukeheim.

Og dei bør ha same status.

Kanskje omvendt.

Det er kanskje endå meir behov for hjelpepleiarar i omsorgssektoren enn i Nordsjøen.

[KLAUS MOHN]

Ja, ja.

Det trur eg både perspektivmeldinga og andre langsiktige framskrivingar tyder på.

Men samtidig ser ein sterke interesser i næringslivet, og kanskje spesielt i fagbevegelsen, som er opptatt av at når olje- og gassutvinninga peikar nedover, og når oppdraga blir færre for leverandørnæringa, så skal dei jobbane erstattast av tilsvarande jobbar.

Og då skal det byggast noko anna enn olje- og gassinallasjonar, men vi skal framleis bygge.

[KALLE MOENE]

Er det ei god omstilling?

Nei, det er slett ikkje ei god omstilling.

Og det blir også støtta opp under ein misforstått måte korleis såkalla offentleg sektor finansierast.

Offentleg sektor finansierast ved å kanalisere ressursar inn i offentleg sektor.

Og viss det er der omsorgsyrka skal vere ...

... som er viktig med den befolkningssammensetninga vi har, ja, så må ein skjønne at då kan vi ikkje satse på alt mogleg anna enn det.

Det er nokon som seier at vi må produsere aluminium før vi kan skaffe oss sjukepleiarar.

Men det er omvendt.

Viss vi produserer masse aluminium, så er det ikkje sjukepleiarar å få i offentleg sektor.

Så det er ikkje noko vilkår at privat sektor skal ekspandere for at ...

Dei offentlege tenestene som landet treng, skal kunne besettes.

Men det er ikkje sånn ein tenker i den såkalte aktive næringspolitikken i dag?

Nei, og dei burde tenke riktig og klart.

Her er det rett og slett litt fremmedgjøring overfor realøkonomiske samanhengar.

Og ein blir veldig blenda av dei finanspolitiske tinga.

At det er akkurat som om vi treng ein haug med pengar som har tenester i privat sektor for å finansiere offentleg sektor.

Det er ikkje sånn i det heile tatt.

Pengar er ikkje problemet.

Problemet er at viss offentleg sektor, anten det er opprusting, som er veldig aktuelt, eller det er velferdsstaten, begge delar er aktuelle, så må det gis plass til det i realøkonomien.

Det er derfor vi må skattlegge privat sektor.

At den skal ekspandere, for då er det ikkje ressursar til å få til det vi ønsker.

[KLAUS MOHN]

Og samtidig er vi politikarar som feirar kvar ny industriarbeidsplass, og som fortviler over kvar ny arbeidsplass i offentleg sektor, for å sette det på spissen.

[KALLE MOENE]

Eg trur du har heilt rett i det, dessverre.

Her er det ei slags omstillingsvegring.

Det er inni hovane til folk, det er omstillingsvegring.

At dei får ikkje til å skjønne at vi må sjå etter kva det er samfunnsmessig behov for meir enn prestisje og ...

[KLAUS MOHN]

No har vi eit oljefond som per i dag gir oss moglegheit til å bruke i overkant av 500 milliardar kroner kvart år.

500 millionar kroner kvart år over statsbudsjettet.

Og ... Det må jo bety at vi treng mindre valutainntekter frå andre kjelder.

Men likevel ser det ut som om enkelte er veldig opptatt av at me må oppretthalde eksporten og valutainntektene.

[KALLE MOENE]

Så her trengst det heilskapleg tenking.

Eg er litt optimistisk.

Me har for tida ein veldig god og prinsipiell finansminister.

Og han kan halde seminarar i regjeringa og på Stortinget.

Eg trur faktisk han likar godt å halde seminar begge stader.

Eg har tru på at folk som forklarar faktiske samanhengar, kan bidra til å bremse.

Av og til ting som er litt misforstått.

Dei argumenterer ... Ikkje sjekk ei god historie viss du tjener på ho sjølv.

Folk som ønsker ekspansjon i visse sektorar, kan ha interesser knytte til at dei sektorane ekspanderer.

Og er litt redd for at her er dei omstillingsvanskene dei ...

Du må skifte litt innstilling og forståingsramme av verkelegheita.

Det er ikkje så viktig å skjønne realøkonomien når du har overflod av ressursar.

Men etter kvart som du ikkje har det same overflodet av ressursar, så må du meir tenke gjennom kva realøkonomiske rammevilkår faktisk er.

Kva er ressursanes avgrensingar for mogleg ekspansjon.

Rett etter 2. verdskrigen telte dei murstein i Noreg.

Så og så mange hus kan vi bygge, for vi har så og så mykje murstein.

Her skal murstein oppfattast som analogt med ressursar frå bygningsindustrien.

Det var avgrensningar i kor mange skip ein kunne bygge osv.

Viss ein skal både ekspandere Forsvaret og velferdsstaten pga.

alderssammensetninga av befolkninga, så legg det beslag på visse ressursar som vi ikkje kan bruke til alt mogleg anna.

[KLAUS MOHN]

Oljefondet og handlingsregelen og eit par andre element i den norske politikken som me liker å smykke oss med, heldt me på å sjå med no.

I løpet av dei siste 10-15 åra har oljefondet tatt slike dimensjonar at sjølv med handlingsregelen vi har, taler enkelte for at vi bruker for mykje pengar.

Handlingsregelen tilseier at vi skal avgrense pengebruken til den forventa avkastninga frå oljefondet per i dag er estimert til 3 %.

Av 18 000 milliarder gir oss 540 millioner i året per dagsdato.

Men du har antyda ved enkelte anledninger at handlingsregelen faktisk er konservativ!

[KALLE MOENE]

Nokre gonger blir handlingsregelen brukt mot at ein skal dele med andre land.

Men der er det ikkje noko ... Grunngevinga for å ha ein handlingsregel der, er mykje svakare enn grunngevinga for ein handlingsregel for innanlands bruk av ressursar.

F.eks.

når Gaza skal byggjast opp igjen.

Å bygge Gaza opp igjen, hjelpe til med det, gå foran og trekke med andre land som må vere med på dette ... Landet ligg i ruinar og skal byggjast opp igjen.

Det er masse folk som bur der, med masse problem.

Både helse, psykiske problem etter krigen.

Når det skal byggjast opp igjen, då synest eg handlingsregelen ikkje bind i det heile tatt på det området.

Ein kan ikkje skjule seg bak ein handlingsregel i det tilfellet.

[KLAUS MOHN]

Men økonomisk teori tilsier jo at ei fornuftig innretning av forbruket på lang sikt er å begrense forbruket til avkastningen av formuen.

Men ...

Vi har innrett oss mot avkastning på finansformuen.

Mens økonomisk teori ville sagt at vi skulle ta med verdien av ressursene i bakken.

Det har jo vi aldri gjort.

Og det gjer jo at den norske tilnærminga til bruk av oljepengar er nøktern i forhold til det økonomisk teori tilsier.

[KALLE MOENE]

Heilt riktig.

Og eg trur det blei gjort bevisst i si tid for å ikkje få ei for rask innfasing.  
At dei heldt liksom ... Det sa ikkje så mykje om dei ressursane som låg i bakken.  
Dei ressursane som låg i bakken, fekk auka avkastning ved at oljeprisen steg.  
Det betydde at dei blei meir og meir verdte.  
Og i prinsippet var det ein formuesauke for landet som heilskap.  
Men eg likar jo først og fremst at ein er oppriktig og ærleg med det ein beskriv.  
Her var det kanskje litt på kanten med å halde ting borte frå offentleg diskusjon.  
Eg kan forstå motivet dei hadde for det, men dei likte ikkje måten dei gjorde det på.

[KLAUS MOHN]

Me har vore inne på det allereie, men no er det forhold internasjonalt som påverkar  
rammevilkåra for norsk økonomi, både på den eine og den andre måten.  
Ein ting er sikkerheitssituasjonen og behova for solidaritet, både i Midtausten og i  
Ukraina.  
Men den siste utviklinga dei siste par månadene er det nye regimet i USA, med president  
Trump i spissen.  
Ein får jo inntrykk av at han er i ferd med å rive ned noko veldig verdifullt.  
Sa du noko mønster og mål, Kalle?  
Trur du han vil lykkast i prosjektet sitt?

[KALLE MOENE]

Eg trur ikkje det.  
Men han vil gjere stor skade.  
Men han vil ikkje lykkast i betydninga av å gå over til eit nytt regime der vi får så å seie  
ingen fri handel i verda.  
Eg trur det har vore at kostnadene for jamne amerikanarar gjennom auka prisar, kanskje  
også på nokre område mindre økonomisk aktivitet ...  
Sjølv om man håper at det ikkje skal gå sånn, så vil desse store kostnadene presentere  
seg for det amerikanske folket.  
Du ser at det er protester allereie no.  
Vi har ikkje begynt å smake på konsekvensane av det.  
Alle Trump-tilhengarar.  
Det er maks halvparten.  
Og det kan vere mange pressmåtar for å endre politikken.  
Du ser òg at nokre av støttespelarane til Trump fell frå når dei ser at dei sjølve blir ramma  
av litt ville tiltak.  
Eg trur at Trump har ein idé, og det er følgjande ... Han har ein ny måte å forhandle på.  
Han seier ...  
Og ikkje villig til det.  
Kina vil kanskje oppnå ein avtale med å få fordelar gjennom.  
Og det kan bety at Kina passerer USA som supermakt.  
For at dei får asiatiske land, og kanskje mange afrikanske land, til å knytte seg nærmare  
til ...  
Afrikanske land mistar masse marknader.  
Dei eksporterer jordbruksvarer til USA.  
Det markedet forsvinn om dei legg på 70 % toll, kan det vere nokre stader.  
Iallfall 50 % toll.

Det markedet forsvinn for afrikanske land.  
Hvordan vil de selge de varene?  
Eller vende seg mot Kina?  
Kina som allerede har vært der og bygd jernbane og investert i landet.  
Jeg tror man gjør USA en bjørnetjeneste hvis man tenker på 'make America great again'.  
Jeg tror det er 'make China great'.

[KLAUS MOHN]

USA faktisk ikke har noen i nærheten av den leiende posisjonen de har hatt fram til nå.  
Hva vil dette få å seie for Norge?  
Er du enig i de som sier at me er ein skjør kork på verdshavet?  
At me må vakte oss og passe på våre interesser?  
Eller er me trygge i Europas lune favn?

[KALLE MOENE]

Eg veit ikke om favnen er så lun, men noen splittelse innad i Europa der Norge hamnar på gal side, ser ikke eg for meg.  
Vi har veldig verdifulle ressursar som Europa treng i ein forhandlingssituasjon.  
Europa i betydning EU, de vil vere stakk dumme viss de ekskluderte Norge med alle energiressursane frå det gode selskap.  
EU er klokare enn som så, og kanskje meir solidarisk enn som så.  
Dei har ingen tru på det.  
Men Norge, sidan vi er eit lite land som sel 50 % på verdensmarknaden.  
Vi er avhengige av at heile verdsøkonomien går bra.  
Om dette skrur ned verdsøkonomien, så rammar det spesielt små, opne økonomier som Norge.  
Det som blir viktig for Norge, er å spreie sin handel og sin aktivitet.  
Om vi ikke får selt laks til USA, så må vi finne andre som er villige til å ete all laksen vi produserer.  
Det blir auka konkurranse i mange marknader her.  
Norge fekk ein frihandelsavtale med India.  
Eg trur Norge er ein av fire land som har frihandelsavtale med India.  
India er verdens største land, mest folkerike land, og har ganske høg økonomisk vekst.  
Det er eit marked som norsk næringsliv ...  
Men det er så populært i næringslivskretsar å vere kritisk til den noverande regjeringa.  
Det var den noverande regjeringa som forhandla fram frilansavtalen.  
Dei er ikke villige til å gi noen kred for det som verkeleg var eit skup å få tak i. Altså den fordel som EU ikke har, men som Norge har.

[KLAUS MOHN]

Eg er enig i at ein stor risikofaktor er utsiktene for verdsøkonomien, gitt vår åpne økonomi og sårbarheita vi har via handelsstraumane våre.  
Men viss ein nedgang i verdsøkonomien òg skulle gi lågare oljepris, gir det lågare inntektsmoglegheiter òg for Norge.  
Det trur eg òg er godt kjent og godt studert.  
Kanskje ikke alle er like vant til at me har 20 000 mrd.  
i globale aksjemarknader.

Om verdsøkonomien går på ein smell, risikerer me òg eit tap via oljefondet.  
Er det noko du tenker burde hatt meir merksemd?

[KALLE MOENE]

Ja, dei kan få meir merksemd.

Men viss verdsøkonomien går på ein smell, så vil Noreg få problem enten dei har oljefond eller ikkje.

Det er liksom det smellet som er det viktigaste.

Viss vi hadde hatt dette i obligasjonar, eller så hadde problemet omtrent vore like stort ... Så ein skal ikkje overdrive.

Eg trur jo at reaksjonen i aksjemarknaden ...

Det overdriv forventna fall i verdsøkonomien.

Det er ein overreaksjon.

Alle som ikkje er likvide, må selje.

Det betyr at kursane blir pressa meir ned enn dei elles ville gjort.

Gitt dei realøkonomiske forholda i resten av verda.

Eg trur at ein ikkje skal vere så veldig redd for det.

Ein skal vere redd for ein smell i verdsøkonomien, men det smellet vil ramme oss åkkesom.

[KLAUS MOHN]

Nettopp.

Vi har vore inne på solide institusjonar og god infrastruktur.

Det gjer det enklare å legge eit grunnlag for vekst og utvikling, og det er spesielt relevant kanskje for land som sit på store naturressursforekomster.

Forskjeller når det gjeld institusjonar og infrastruktur har vore med for å forklare kor godt landet handterer

Men du har tidlegare påpekt at dette forutsetter at det sit bra folk på toppen.

Sånn som vi har hatt det i Noreg.

I USA har vi eit eksempel der institusjonane er på plass.

Der infrastrukturen er aldeles utmerka.

Men nå har vi moglegvis fått eit feil menneske på toppen.

[KALLE MOENE]

Kva tenker du om det?

Du peiker på noko som er veldig viktig.

Sjekk and balance.

Dei dårlegaste konsekvensane blei USA redda for nettopp pga.

friksjonar i systemet som forhindra dei verste utfalla.

Vi må håpe på noko slikt.

Vi må òg håpe på demokratiets mobiliserande kraft.

Vi tenker ofte på demokratiet som val, ordnede forhold med at dei valde representerer folk osv.

Men det er like mykje at eit sivilsamfunn som kan protestere når ting går gale, som kan vere ei motmakt også i perioden.

Der har vi ikkje fått siste ordet frå USA.

Det er farlege autoritære tendensar.

Også i USA, men det er også eit stort fleirtal i USA som ikkje vil ha autoritære tendensar. Og det er å håpe på at dei mobiliserer det. Men dei har autoritære tendensar i India, i mange latinamerikanske land. I deler av austeopiske land. I Tyrkia ... Det er mange land som har det. Så det er noko å bekymre seg for. ... om dei landa har sterke nok 'cheques and balances' til å motvirke dette. Eg har sett det på nært hald i India. Ytringsfridomen i India har forsvunne ein stor grad. Du får ikkje den mobiliserande krafta som eit levande indisk demokrati har hatt tidlegare. F.eks. India har ikkje hatt hungersnød etter ... Hvorfor ikkje det? Jo, fordi enhver regjering er veldig redd for mobiliseringen av folket mot regjeringa, hvis dei ikkje sørger for å forhindre ethvert tilløp til hungersnød.

[KLAUS MOHN]

Når det gjeld USA, så aner eg bakom dine betraktningar ein slags optimisme, og at det vil komme en politisk rekyl. Det er til tross for at vi for tida observerer at Trump bygger ned det statlige byråkratiet, som jo er ein viktig del av institusjonane. Han grip inn i rettssystemet på ein måte. Ikkje heilt like. Men du tenker at institusjonane likevel har eit så solid rotfeste at dette vil manifestere seg seinast gjennom framtidige val?

[KALLE MOENE]

Eit både i framtidige val og i protestbevegelsar innad. Du ser jo dei allereie tidlegare statsansatte, eller folk som er trua av nedbemanninga i offentleg sektor, organiserer seg. Dei deltar. Dette kan ... Akkurat som i Aust-Europa før 1990, så går først dei tøffaste, mest vågale folka inn på gata. Sidan det var så mange tusen på gata sist, så ballar det på seg. Dette kan vere ... ... krefter som er veldig vanskelege for sjølv Trump å stå heilt imot. At han er nøydd til å bakke ned. Du ser òg at det er nokre støttespelarar han har hatt, som han no mistar. Ja.

[KLAUS MOHN]

Og han føler seg litt fram. Det verkar som han tar kritikk, og som han korrigerer undervegs viss det viser seg at han kan ha gått for langt på enkelte punkt.

[KALLE MOENE]

Han er narsissist, og narsissistar liker jo å bli likt.  
Så dersom han ikkje føler seg godt nok likt, så ... Narsissistane skiftar kappe.  
Vi får håpe til det bedre i dette tilfellet.

[KLAUS MOHN]

Tusen takk.

Vi skal gå inn for landing.

Påskeferien står for døren.

Vi takker Kalle Moene for veldig interessante betraktninger knytta til både norsk  
ressursrikdom, norsk politikk, og ikkje minst òg Trumps USA.

På gjenhør i neste episode.

Og tusen takk til alle som lytta.